



Sakshandsamar:

Susan Husabø
E-post: Susan.Husabo@sfj.no
Tlf.: 57638150

Vår ref.

Sak nr.: 17/8225-1
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

39272/17

Dykkar ref.

Dato

LEIKANGER, 18.10.2017

Notat**Til:** Hovudutvalet for opplæring**Frå** Fylkesdirektøren**Friare skuleval- konsekvensar for skuleåret 2017-18**

Lov om endringar i opplæringslova (Friare skuleval over fylkesgrenser, praksisbrevordninga m.m.) vart sett i verk 1.8.2016

§13-3- andre ledd lyder:

Fylkeskommunar som har ledig kapasitet, har plikt til å gi tilbod til søkjarar frå andre fylke. Heimfylket skal refundere utgiftene til vertsfylket for dei som får skuleplass i eit anna fylke enn der dei bur. Departementet gir forskrift om slik refusjon.

Fylkesdirektøren gjorde i saka om opplæringstilbodet for 2017-18 (HO-sak 35/16) greie for lovendringa og fylkeskommunane si haldning til inntak av søkjarar frå andre fylke. Alle fylkeskommunane gjev tilbod til eigne søkjarar, med og utan ungdomsrett, før søkjarar frå andre fylke får tilbod. Ved tilbod om skuleplass i anna fylke, har heimfylket plikt til å betale.

For at eit skulefylke skal kunne sende refusjonskrav til eit heimfylke er det krav om at eleven skal ha søkt til skulefylket. KS sine satsar for gjesteelevar ligg til grunn for refusjonskrav.

Det er no fleire ulike kategoriar av søkjarar frå Sogn og Fjordane som søker skule i andre fylke:

1	Søkjarar som er omfatta av «Hordalandsavtalen», det gjeld søkjarar frå Gulen og Solund kommunar som kan søkje til Austrheim vidaregåande skule og søkjarar frå postnummer Gudvangen i Aurland kommune som kan søkje til skulane på Voss.	Søkjarane har ungdomsrett-rett i Sogn og Fjordane, og Ikkje-rett i Hordaland. Sogn og Fjordane tek inn.
2	a)Søkjarar som har søkt Sogn og Fjordane om kjøpt plass til tilbod vi ikkje har i vårt fylke. b)Søkjarar som har søkt Sogn og Fjordane om kjøpt plass/ gjesteelevgaranti av særlege grunnar.	Søkjarane har ungdomsrett i Sogn og Fjordane, og ikkje-rett i skulefylket. Sogn og Fjordane tek inn.
3	Søkjarar som har søkt vertsfylket om å bli prioritert gjesteelev og fått det innvilga. Dei som vert prioriterte gjesteelevar vert teke inn i vertsfylket før andre gjesteelevar.	Søkjarane har ungdomsrett i Sogn og Fjordane og ungdomsrett i skulefylket.

		Skulefylket tek inn.
4	Andre søkjarar som søker skuleplass i andre fylke	Søkjarane har ikkje-rett i skulefylket. Skulefylket tek inn.

Refusjonskrav knytt til søknadar i kategori 1 og 2a er ikkje endra som følgje av innføring av friare skuleval.

Før innføring av friare skuleval vart søknad om skuleplass i andre fylke av andre grunnar enn manglande tilbod i heimfylket handsama i kategori 2 b. Gjestelevgaranti vil seie at Sogn og Fjordane fylkeskommune betalte for plassen dersom søkeren konkurrerte seg inn. Fylkesdirektøren gjorde vurdering i kvart enkelt tilfelle om kjøp eller garanti. Ordninga med gjestelevgaranti er no avvikla og erstatta av prioritert gjestelev i skulefylke, kategori 3. Tidlegare kjøp av plass til søkjarar i kategori 2b er også erstatta av kategori 3. Før innføring av friare skuleval var det ingen søkjarar i kategori 3.

Kategori 4 er søkjarar inntekne i andre fylke som heimfylket no må betale for. Tidlegare vart det ikkje kravd refusjon for denne gruppa.

For å vurdere konsekvensane av friare skuleval har fylkesdirektøren sett på tal søkjarar det tidlegare var kjøpt plass eller gjeve gjestelevgaranti for i kategori 2b opp mot tal inntekne i andre fylke i kategori 3. I tillegg kjem konsekvensane av refusjonskrav for søkjarane i kategori 4.

Elevtal i Vigo syner at det er 18 elevar i kategori 4 som vi no må betale for. I kategori 3 er det i alt 29 elevar som vi vil få refusjonskrav for, om lag 10 fleire enn vi tidlegare hadde i kategori 2b, som vi også fekk refusjonskrav for.

Når fylkesdirektøren tidlegare har presentert tal for elevar i andre fylke, har dei vore noko høgare. Differansen skuldast at kravet om å ha søkt anna fylke ikkje låg til grunn for tidlegare tal. Det er såleis fleire elevar frå Sogn og Fjordane som går i fylkeskommunale skular i andre fylke enn dei vi vil få refusjonskrav for. Dei har ikkje søkt, men fått tilbod om ledig plass.

Det er stor skilnad mellom utdanningsprogramma i KS sine vedtekne gjestelevsatsar. For skuleåret 2017-18 er satsane:

Studiespesialisering, idrettsfag, kunst, design og arkitektur	108 700
Helse og oppvekstfag, Medium og kommunikasjon, Bygg- og anleggsteknikk, Service og samferdsel	129 000
Elektrofag, Design og handverk, Teknikk og industriell produksjon, Restaurant- og matfag, Musikk, dans og drama	139 300
Naturbruk	172 900

Refusjonskravet for 18 elevar i kategori 4 vil bli omlag 2,1 mill. kr pr. år. For 29 elevar i kategori 3 blir refusjonskravet om lag 3,6 mill. kr pr. år, der ca. ein tredel er auka kostnader knytt til tal elevar som har fått status som prioriterte gjestelevar i andre fylke. Samla utgjer dette eit auka refusjonskrav frå andre fylke på 3,3 mill. kr samanlikna med kostnadene før friare skuleval. Kjøp av skuleplassar i andre fylke til tilbod vi ikkje har ved våre skular er om lag på same nivå i 2017-18 som tidlegare år.

Elevar frå andre fylke i Sogn og Fjordane

Det er 10 elevar frå andre fylke som er teke inn som elevar ved våre skular. Tre av desse ville vi fått refusjon for også før friare skuleval. Auka inntekter som følgje av friare skuleval er om lag 0,9 mill. kr.

